


# Tida renn for urørde vassdrag



Hordaland Folkeblad  
10. september 2004

Nei til utbygging lyder samstemt frå jeger- og fiskarforbundet i Hordaland ved Tormod Lunestad (venstre), frå Lars Knut Haukås i Øystese jeger- og fiskarlag, grunneigar Even Øyri, Klaus Rasmussen i vernelaget for Øystesevassdraget og Kari Mostad i Naturvernforbundet i Kvam.

Erling, Sofie og Olai plaskar nógde i vasskanten.

Både Steinsdalsvassdraget og Øystesevassdraget renn urørde av tekniske inngrep frå fjell til fjord. Ei førebels vurdering opnar for kraftutbygging, noko som har erta opp mange, særleg i Øystese. Både kommune og andre høyringsinstansar skal ha sagt sitt om reguleringsplanane denne månaden.

Direktoratet for naturforvaltning tek sikte på å ha si endelege innstilling klar i november.

BKK ønskjer å føra vatnet frå dei øvre delane av begge vassdraga til Samnanger. Ei rekkje organisasjonar i Øystese har samla seg til forsvar for at elvane skal forbli urørde. Motstandarane er arge både på det planlagde inngrepet og på framgangsmåten til BKK. Kraftselskapet sin taktikk er å splitta ei stor utbygging i småprosjekt, hevdar dei.